

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 11.12.2012 kl. 12.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske (kom under sak 28/12), Harald Hole og Ruth Roald
= 3 og 4 voterande

Anne Lise Hessen Følsvik hadde meldt forfall.
Innkalla varamedlem kunne ikkje møte.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.
Frå Giske kommune møtte økonomisjef Sigmund Strand i sak 30/12.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 26/12
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2. OKTOBER 2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 2. oktober 2012 blir godkjent.

**SAK 27/12
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – GISKE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 27.11.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret prioriterer forvaltningsrevisjonsprosjekta i plan for forvaltningsrevisjon i følgjande rekkefølge:

1. Økonomistyring, intern styring og kontroll
2. Sjølvkosttenester
3. Refusjon sjukepengar og eit forprosjekt om IKT internkontroll.

Ein føresetnad for å ta med punkt 3 er stordriftsfordelar og lav ressursbruk som følgje av at prosjektet kan bli gjennomført i fleire kommunar.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor kvart enkelt tema som kommunestyret gjer vedtak om.

SAK 28/12

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I GISKE KOMMUNE

Saksutgreiing datert 27.11.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret prioriterer slik: Ein selskapskontroll inn mot dei selskapa der Giske kommune er deleigar saman med andre kommunar, blir å koordinere med dei andre eigarane og særskilt kontorkommunen. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvatningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Denne vurderinga blir i første omgang gjort av kontrollutvalet i kontorkommunen.

Selskapa er: Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS, Sunnmøre regionråd IKS, Ålesundregionens Havnevesen og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

SAK 29/12

OM KOMMUNALE SAKSDOKUMENT TIL KONTROLLUTVALET

Saksdokument datert 27.11.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få tildelt lese Brett.

SAK 30/12

ØKONOMIRAPPORTERING 2012

Økonomisjef Sigmund Strand ga ei orientering. Det er forventat at rekneskapen til Giske kommune vil gå i balanse i 2012.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Arnfinn Rune Giske
medlem
(sign.)

Harald Hole
medlem
(sign.)

Ruth Roald
medlem
(sign.)